

«Kvardagen er viktigast!»

ÅRSPLAN

OS BARNEHAGE 2020-21.



Godkjend i SU 18.03.19.

Os barnehage opna 1. mars 2011. Barnehagen ligg sentralt til med kort veg til buss, gangavstand til biblioteket og Os sentrum. For dei eldre barna kan turen gå til Osmarka gjennom Sveo eller Prestegardskogen, til Kuven og Moberg-området eller til sjøen i Mobergsvikjo og Haugsnesfjøre. Vi har eiga gapahuk i Solbakken, like ved barnehagen.

LEIINGA I BARNEHAGEN

Elisabeth Norstrand Styrrar	56575430 / 92436873	eno@os-ho.kommune.no
Liv Jansen Assisterande styrrar	56575433 / 90620002	lmj@os-ho.kommune.no

BARNEHAGEN SITT INNHOLD ER STYRT AV :

- Lov om barnehagar med føringar for drift av barnehagen.
- Rammeplan for barnehagar med retningslinjer for verdigrunnlag, innhald og oppgåvene til barnehagen.
- Kvalitetsplan for Oppvekst og kultur i Bjørnafjorden kommune om kvalitet og satsingar på tvers av dei ulike einingane.
- Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Bjørnafjorden kommune.

VERDIGRUNNLAG

Bjørnafjorden kommune har felles verdigrunnlag for skulane og dei kommunale barnehagane:

- Å HØYRA TIL. Å få vera ein del av ein større samanheng og høyra til ei gruppe er eit medfødd behov for menneske.
- Å KJENNA SEG TRYGG. Å verta møtt med tillit og respekt skapar tryggleik.
- Å VERTA ANERKJENT. Å bli sett og sett pris på for den personen du er, er viktig for at vi skal bli gode på ulike område.
- Å MEISTRA. Gjev oss lyst og tryggleik til å våga å prøva nye ting.
- MANGFALD. I Os barnehage møter barn og foreldre mangfaldet i samfunnet. Vi jobbar førebyggjande for å hindra diskriminering og mobbing.

Os barnehage formidlar verdiane fellesskap, toleranse, respekt og likeverd.

AVDELINGANE

Os barnehage har åtte avdelingar. Avdelingane har fått namn etter fargen på avdelinga. Namna er på ulike språk for å markera mangfaldet i Os barnehage.

Avd. LILA, lilla på bosnisk, småbarnsavdeling 1 – 3 år
Avd. VJOLA, lilla på maltesisk, småbarnsavdeling 1 -3 år
Avd. ROSSO, raud på italiensk, barn 2,5 – 6 år
Avd. RAUDONA, raud på litauisk, barn 2,5 – 6 år
Avd. LARANJA, oransje på portugisisk, barn 2,5 – 6 år
Avd. ARANSKI, oransje på eritreisk, barn 2,5 – 6 år
Avd. VERDE, grøn på spansk, barn 2,5 – 6 år
Avd. ROHELINA, grøn på estisk, småbarnsavdeling 1-3 år.

- To og to avdelinger utgjør ein base. Her er lilla base, raud base, oransje base og grøn base. Dei samarbeider om vakter, planlegging av aktivitetar og grupper.
- I grovgarderoben har kvar avdeling ei tavle der du finn oversikt over dei vaksne som er på jobb denne dagen og kva vakt dei har. Du vil òg sjå kven som eventuelt er vikar på avdelinga.

METODEVAL

- Læring gjennom leik. Rammeplanen seier at «*Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien i leik skal anerkjennast.*»
Barn lærer gjennom leik og aktivitetar saman med andre barn og vaksne. Norske barnehagar har lang tradisjon og erfaring med å ta vare på leiken. Leiken har verdi i seg sjølv, i tillegg til å vera ein viktig læringsarena. I Os barnehage legg vi til rette for mangfaldig og frodig leik ute og inne.
- Dei vaksne har ei viktig rolle som støttespelarar og tydelege rollemodellar for barna. Omsorg og tryggleik ligg som grunnlag for læring og utvikling hos alle barn.
- Medverknad. FNs barnekonvensjon seier at barnet sine egne meiningar skal vektleggast
Kvart år har vi egne barnesamtalar, der venskap, tryggleik og trivsel har hovudfokus. I Os barnehage skal vi i kvardagen lytta til barna og tolka barn sine måtar å uttrykkja seg på.
Som vaksne skal vi opptre tydeleg og ansvarsfullt, og ta omsyn til heile gruppa. Gjennom personalet sine observasjonar av barn sin åtferd og leik, blir leik og aktivitet tilpassa einskildbarn og grupper. På den måten verkar barn med i eiga kvardag.
- Gruppedeling er ei vanleg organisering i barnehagane. Gruppedeling kan samla barn på lik alder, barn med like interesser, barn med lik modning, temaarbeid eller barn med ulike andre behov.
Ved å dela barn i grupper, sikrar vi:
 - ✓ at tema blir tilpassa barna sin alder.
 - ✓ omsyn til einskildbarn.
 - ✓ at vi har ei heilskapleg tenking i barnehagen.
 - ✓ at det går ein raud tråd i arbeidet dei åra barna er i barnehagen .
 - ✓ at dei vaksne kan jobba med og utvikla temaet over tid.
 - ✓ samarbeid mellom avdelingane.

Tema for gruppene

- 5-åringane er i førskulegruppe (Reveklubben).
- 4-åringane er i naturgruppe.
- Alle avdelingar har leikegrupper kvar veke. Desse gruppene blir satt saman etter ulike behov.

ARBEID MED SOSIAL KOMPETANSE

Rammeplanen seier: «*Barnehagen skal bidra til at barn trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi og den skal førebyggje krenkingar, mobbing og vald.*»

I Os barnehage jobbar vi førebyggjande. Vi har prosedyrar vi skal følgja om vi oppdagar uønska og uakseptabel åtferd i barnegruppa.

«*Barnehagen skal fremja demokrati og vere eit inkluderandefellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrd og delta*», står det i Rammeplanen.

Barnehagen er barna sitt første møte med demokratiet. Her er dei deltakarar i ein større samanheng. Plassen deira er annleis enn i heimen. Vi er mange og alle har rettar og pliktar. Dette er ei stor verd å møta for eit lite barn. Ein kan oppleva å ikkje få eit 'ja' når ein vil vera med på leiken, å måtta stå sist i køen, å måtta venta på tur og andre utfordrande situasjonar som dei fleste vil få erfaring med gjennom oppveksten. Evnen til å uttrykje seg kan kome til kort for eit lite barn med mange kjensler og vi kan i barnehagen oppleva at det å slå og bite blir den lettaste måten å formidle sine behov på. Det er derfor medvitne vaksne som målretta jobbar for å gje barnet andre måtar å uttrykje seg på. Gjennom samtalar, gode modellar og støttande, kompetente vaksne som framhevar gode samhandlingar, jobbar vi mot at alle barn blir gode deltakarar i fellesskapet.

Dei fleste tilsette i Os barnehage har opplæring i Dei Utrulege Åra (DUÅ), eit program som fremjar sosial og emosjonell kompetanse hos barn. God kompetanse på desse to områda er viktige for barn si læring i kvardagen. Arbeidet med DUÅ er difor ein viktig del av det førebyggjande arbeidet vi gjer.

ARBEID MED SPRÅK

«Barn skal bada i språk»

Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for utvikling av språk. I Os barnehage skal barnet møta vaksne med kompetanse på barn si språkutvikling, vaksne som er gode språklege modeller og som er gode i møte med barn som ikkje har eit godt utvikla verbalt språk. Dei skal møta eit miljø med varierte og positive erfaringar med bruk av språk. Eit verktøy vi nyttar både i temaarbeid og konkret med barn som er på ulike stadium, heiter «Snakkepakken». I løpet av året arbeider vi og med ulike områder innanfor språk og lesing henta frå Språkløyper, Kunnskapsdepartementet sin nasjonale strategi for språk, lesing og skriving.

Kvar måned har vi song, regle og 2 bøkar som alle avdelingane nyttar. Den eine boka er 'foreldrebok', den står fremme for heimlån.

ARBEID MED FAGOMRÅDA

Rammeplanen seier at *«barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdsett ulike uttrykk og meiningar. Barnet skal utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.*

Dei sju fagområda vi skal arbeide med er definert i Rammeplanen:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

All leik og aktivitet som skjer i barnehagen har fleire fagområder implementert. Arbeid med å bli medvitne kva område vi dekker i ulik leik/aktivitet går føre seg kontinuerleg. Gjennom nyredigert, felles månadsplan sikrar vi at fleire fagområde blir ivaretatt kvar måned. Månadsplanen har og rom for det individuelle frå kvar avdeling.

Vi har fokus på:

- KVA vi gjer.
- KORLEIS vi gjer det.
- KVIFOR vi gjer det.
- KVA RESULTATET VART.

Gjennom evaluering av arbeidet, gjer vi endringar som skal til for å verta betre.

OVERGANGAR

- Overgangsplan i Bjørnafjorden kommune sikrar overføringssamtaler mellom barnehage og skule rundt alle barn før skulestart. Foreldra gjev samtykke til denne samtalen.
- Os skule er vår samarbeidsskule.
- Os barnehage og Os skule skal utvikla eit samarbeid der førskulebarna får kjennskap til skulen i året før skulestart.
- Os barnehage har gode rutinar for overgang frå avdeling for små barn til avdeling for store barn.

TRADISJONAR OG ARRANGEMENT

- FN-dagen markerast i oktober.
- Brannvernveke. Vi er med på Nasjonal brannvernveke i september.
- Rein hand-veke i oktober.
- Refleks-aksjon i oktober/november.
- Fleire arrangement i desember.
- Fargefest i februar.
- Påskesamling.
- Kunstprosjekt for førskulebarna våren før dei sluttar.
- Forutfest i mai/juni.
- Vernissage for førskulebarn og foreldre i juni.

FORELDRESAMARBEID

Frå rammeplanen:

«Samarbeid mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnet beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg».

- Det daglege møtet mellom foreldre og tilsette ved levering og henting er det viktigaste treffpunkt for å bli kjende, skapa tryggleik og tillit.
- Møte mellom foreldre og tilsette skal vera prega av gjensidig respekt.
- Bilete av barn og tilsette på tavla i garderoben gjev informasjon om avdelinga til barnet ditt. Bilete på barna sine kasser gjev informasjon til foreldra om barna som går på avdelinga.

- Foreldremøte for heile foreldregruppa to gonger i året. Det er også eigne foreldremøte for foreldre til førskulebarn og for nye foreldre. Ved behov har vi og møte for foreldre med anna morsmål enn norsk.
- Foreldresamtale: Du blir invitert til ein foreldresamtale i januar/februar, i tillegg kallar barnehagen inn til samtale ved behov. Foreldre er også velkomne til å be om samtale. Hugs at inga sak er for lita til å takast opp.

Samarbeidsutvalet (SU)

Foreldra vel ein representant frå kvar avdeling på foreldremøtet om hausten. Desse foreldra er foreldra sitt arbeidsutval (FAU). Av desse vert fire representantar valde til å utgjera SU saman med 4 representantar for personalet, eigarrepresentant og styrar. SU har fire møte kvart år. Det store fellesprosjektet vårt er *Forutfest* i mai/juni. Då har vi fest for familie og vener, og samlar inn pengar til prosjekt som Forut driv.

INFORMASJONSKANALAR.

Mykid; er vår viktigaste informasjonskanal. Det er her vi informerar om månaden som kjem, månaden som gjekk, legg ut bilete, informasjon frå dagen eller veka. Her kan foreldre gje meldingar som gjeld barnet; henting, sjukdom, ferie og meir.

Månadsplan: I forkant av kvar månad vil avdelingane gje ut månadsplan som viser fokusområda og månadens tema. Her står òg litt om det barna har vore med på i månaden som gjekk.

Facebookside: er enkel å administrera, rekkjer mange og gir innblikk i barna sin kvardag.

Informasjonsskriv: Diverse skriv vil kome i MYKID, oppslag på dørar eller i posthylla.

SAMARBEIDSPARTNARAR

- Helsestasjonen - Oppvekst og kultur ønskjer å styrka samarbeidet mellom foreldre, barnehage og helsestasjon til det beste for barnet.
- Pedagog-psykologisk Tenestekontor (PPT) gjev hjelp og rettleiing til både foreldre og dei tilsette i barnehagen. Barnehagen tek berre kontakt om einiskildbarn etter avtale med foreldra. Dersom eit barn får spesialpedagogisk hjelp er det spesialpedagoger frå Fagsenteret som utøver hjelpen.
- Barneverntenesta kan vera ein god støttespelar i vanskelege situasjonar. Barnehagen vil alltid vera i dialog med foreldra og tek aldri kontakt med tenesta utan å informera foreldra først.

- Lærlingbedrift., for dei som skal ta fagbrev innan barne og ungdomsarbeiderfaget.
- Praksisbarnehage for høgskulen på Vestlandet, avdeling barnehagelærer. Fleire av avdelingane tek imot studentar gjennom året.
- Praksisplassar for elevar frå Os vidaregåande skule.
- Ungdomsskulegutar som leikeressurs.
- Ungdomsskulane. Vi tek imot elevar til ulik praksis gjennom året.
- Botnevik. Naturgruppa har samarbeid med Olav Botnevik og besøker garden hans fire gonger i løpet av året.
- Vi tek imot besøk frå Vaksenopplæringa og andre som vil koma innom.

PERSONALSAMARBEID

Eit godt personalsamarbeid er grunnlaget for å nå dei måla vi har sett oss. Trivselen og haldningane vi har i personalgruppa er også med på å utvikla gode samarbeidsformer med barn og foreldre.

Samarbeidsmøte i personalgruppa:

- Fem planleggingsdagar kvart år.
- Åtte personalmøte.
- Avdelingsmøte.
- Pedagogisk leiarmøte.

I personalet har vi no fokus på å gjera møtepunktta best mogleg. Alle skal læra noko på alle møta. Vi nyttar metoden IGP som skapar refleksjon og deltaking. Målet er auka kvalitet på arbeidet vi gjer.

FOKUSOMRÅDE 2020-21

- Fortsette arbeid med DUÅ (Dei utrulege åra).
- Utvikla og forbetre arbeidet med felles fokusområder i månadsplanane.
- Lærande møte, deling og refleksjon.
- Arbeid med Rammeplan.
- Os barnehage som ein del av Osbygda, vi nyttar oss av tilboda
- Variere arbeidsmetodar i kvardagen.
- Fokus på forbruk av papir og plast. Sette fokus på miljøvern og insekt med barnegruppene.
- Samarbeid med dei andre kommunale barnehagane.